

KOMMISSJONENS GJENNOMFØRINGSavgjerd

2016/EØS/64/16

av 7. desember 2011

om godkjenning av Bangladesh i medhald av europaparlaments- og rådsdirektiv 2008/106/EF med omsyn til systema for opplæring og sertifisering av sjøfolk

[meld under nummeret K(2011) 8999]

(2011/822/EU)(*)

EUROPAKOMMISSJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsdirektiv 2008/106/EF av 19. november 2008 om minstekrav til sjøfolks opplæringsnivå⁽¹⁾, særleg artikkel 19 nr. 3 første leddet,

med tilvising til oppmodinga frå Kypros av 26. juli 2007, frå Italia av 24. desember 2007 og frå Belgia av 25. juni 2008, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) I samsvar med direktiv 2008/106/EF kan medlemsstatane ta ei avgjerd om å godkjenne dei sertifikata som tredjestatar har utferda til sjøfolk, på det vilkåret at Kommisjonen har godkjent den aktuelle tredjestaten. Desse tredjestatane må oppfylle alle krava i konvensjonen til Den internasjonale sjøfartsorganisasjonen (IMO) om normer for opplæring, sertifikat og vakthald for sjøfolk (1978), i revidert utgåve av 1995 (STCW-konvensjonen)⁽²⁾.
- 2) Brev med oppmoding om godkjenning av Bangladesh er send inn frå Kypros av 26. juli 2007, frå Italia av 24. desember 2007 og frå Belgia av 25. juni 2008. Som følge av desse oppmodingane har Kommisjonen vurdert systema for opplæring og sertifisering i Bangladesh med sikte på å kontrollere om denne staten oppfyller alle krava i STCW-konvensjonen og om det er gjort tilfredsstillande tiltak for å hindre svik med omsyn til sertifikat. Denne vurderinga vart gjord på grunnlag av ein inspeksjon som sakkunnige frå Det europeiske sjøtryggleiksbyrået utførte i februar 2008. Under den inspeksjonen vart det oppdaga visse manglar i opplærings- og sertifiseringsystema.
- 3) Kommisjonen la fram for medlemsstatane ein rapport om resultatene av vurderinga.

- 4) Ved brev av 26. mars 2009, 9. desember 2009 og 28. september 2010 oppmoda Kommisjonen Bangladesh om å leggje fram prov på at dei manglane som vart oppdaga, er vortne retta opp.
- 5) Ved brev av 29. mars 2009, 21. mai 2009, 12. juli 2009, 4. januar 2010, 27. februar 2011 og 14. mars 2011 la Bangladesh fram dei opplysningane og prova som det vart bede om med omsyn til gjennomføringa av høvelege og tilstrekkelege korrigerande tiltak for å rette opp dei fleste av dei manglane som vart oppdaga under vurderinga av samsvaret.
- 6) Dei resterande manglane gjeld på den eine sida mangel på eit visst opplæringsutstyr i ein av institusjonane for maritim utdanning og opplæring i Bangladesh, og på den andre sida opplæring innanfor ramma av førebunde kurs i samband med avsnitt A-II/1 i STCW-konvensjonen. Bangladesh er difor vorte oppmoda om å gjennomføre fleire korrigerande tiltak på desse områda. Desse manglane gjev likevel ikkje grunn til å tvile på at Bangladesh generelt oppfyller krava i STCW-konvensjonen med omsyn til opplæring og sertifisering av sjøfolk.
- 7) Resultatet av vurderinga av samsvaret og vurderinga av opplysningane som Bangladesh har lagt fram, viser at Bangladesh oppfyller dei relevante krava i STCW-konvensjonen og har gjort høvelege tiltak for å hindre svik med omsyn til sertifikat.
- 8) Dei tiltaka som er fastsette i denne avgjerda, er i samsvar med fråsegna frå Utvalet for sjøtryggleik og hindring av ureining frå skip —

TEKE DENNE avgjerda:

Artikkel 1

For føremåla med artikkel 19 i direktiv 2008/106/EF er Bangladesh godkjend med omsyn til systema for opplæring og sertifisering av sjøfolk.

(*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 327 av 9.12.2011, s. 68, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 132/2012 av 13. juli 2012 om endring av EØS-avtalens vedlegg XIII (Transport), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 63 av 8.11.2012, s. 13.

⁽¹⁾ TEU L 323 av 3.12.2008, s. 33.

⁽²⁾ Vedteken av Den internasjonale sjøfartsorganisasjonen.

Artikkel 2

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 7. desember 2011.

For Kommisjonen

Siim KALLAS

Visepresident
